



Notat

Dato: 04.04.2016
Arkivsak: 2016/2330-3
Saksbehandlar: sigard

Årsrapport Varslingsutvalet Hordaland fylkeskommune - 2015

Innholdsfortegnelse

Innleiing	2
Talet på saker som er mottatt etter varslingsrutinen.....	2
Kva for forhold det har blitt varslet om.	2
Korleis saker om varsling har blitt handsama	3
Eventuelle eksterne varslingar til offentlige myndigheiter og/eller offentlegheit	3
Forslag til revidering av rutinane	3

Innleiing

Nye rutinar for varsling i Hordaland fylkeskommune vart godkjend av Fylkesutvalet 26. mars 2015.

Samansetjing av varslingsutvalet pr desember 2016:

- Seniorrådgjevar Bjørn Erik Linde leiar
- Seniorrådgjevar Stian Skår Ludvigsen
- Spesialrådgjevar Adeline Landro
- Lektor med till. I Sjur Inge Veim
- Sekretær: Seniorrådgjevar Sigrid Helen Aardal

Seniorrådgjevar ved Kommunikasjonsseksjonen - Økonomi og organisasjonsavdelinga Sigrid Helen Aardal, overtok som ny sekretær for Varslingsutvalet etter at seniorrådgjevar Hanne Seljeseter sommaren 2015 gjekk over i ny stilling eksternt.

Talet på saker som er mottatt etter varslingsrutinen.

Varslingsutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama i 2015 inn to saker. Begge sakane er ferdighandsama av Varslingsutvalet.

I sak I/2015 vart det konkludert med at begge forhold som det var varsla om, var løyst i linja.

I sak II/2015 vart det konkludert med at det var sviktande rutiner i begge forhold som det vart varsla om.

Kva for forhold det har blitt varslet om.

I det fylgjande vil Varslingsutvalet kort gjere greie for dei forhold som vart melde inn til Varslingsutvalet i 2015.

Bruk av stempel utan signatur på vitnemål og kompetansebevis.

Varslar var av den oppfatning at det ikkje var forsvarleg sakshandsaming knytt til rutinar for signering av vitnemål og kompetansebevis i VGS i Hordaland. Varslingsutvalet konkluderte med at det ikkje var opplysningar som tilseier at ein einskildsak er uttrykk for generelle kritikkverdige forhold knytt til sakshandsaming av saker av liknande karakter. Saka vart vurdert som tilfredsstillande løyst gjennom linjeorganisasjonen og oppfølging av interne rutinar knytt til signering av vitnemål og kompetansebevis. Det vart sytt for naudsynte signaturfullmakter for å sikre effektiv handsaming av denne typen saker. Feil ved praksis knytt til manglande signatur av vitnemål som varslaren påpeika, vart retta opp.

Sakshandsaming og rutinar knytt til vedtak om dispensasjon i samband med privatisteksamen

Varslinga gjeld to tilfelle der vedtak om dispensasjon knytt til privatisteksamen for lærling ikkje var vidare til søkar. Begge tilfella vart registrert i HFK sitt kvalitetssystem.

Bakgrunnen er at dispensasjonssøknader knytt til eksamensordninga som kjem inn til Hordaland fylkeskommune sin opplæringsavdeling, skal handsamast formelt hjå Utdanningsdirektoratet (UDIR). I praksis er det Fylkesmannen som handsamar søknadar etter fullmakt frå UDIR.

I den første saka kontakta mor til søkar UDIR 27/04/2015 og etterlyste vedtak. Mor fekk attendemelding frå UDIR om at vedtak var fatta og sendt HFK 11.03.2015. I samband med vedtaket var det og gitt melding til HFK om at lærlingen måtte informerast. Slik melding vart ikkje sendt frå Hordaland fylkeskommune. Den 6/05/2015 melde Varslar i kvalitetssystemet at vedtak frå UDIR ikkje er blitt vidaresendt til søkar samt at vedtaket var registrert i mappe i E-phorte, med avgrensa tilgangar.

I den andre saka vart vedtak frå UDIR fatta 21/04/2015 og sendt frå UDIR til HFK for vidareformidling til søkar. Den 18/06/2015 melde Varslar inn i kvalitetssystemet at vedtak frå UDIR ikkje er blitt vidaresendt til søkar samt at vedtaket ikkje let seg finna att i E-phorte.

Varslingsutvalet har gjennomgått varselet og gjort naudsynte undersøkingar i saka. Varslar har gitt ein utfyllande forklaring i telefonmøte med leiar av Varslingsutvalet og leiar av Varslingsutvalet har hatt eit avklarande møte med Fagopplæring.

Konklusjon

Varslingsutvalet konkluderer med at det er svikande rutinar knytt til handsaming av dispensasjonssøknader som vert sendt til eller levert til Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Svikten er særleg knytt til saksflyt i dei interne systema og oppfølging av saker med tidsfrist.

Handsaming av avviksmeldingar i kvalitetssystemet.

Varslinga gjeld manglande tilbakemelding på avviksmelding registrert i Hordaland fylkeskommune sitt kvalitetssystem. Varslingsutvalet viser til sak om «Sakshandsaming og rutinar knytt til vedtak om dispensasjon i samband med privatisteksamen».

Varslar registrerte avviksmelding om aktuell rutinesvikt ved Opplæringsavdelinga.

Avviksmeldingane vart send vidare til annan seksjon som vart vurdert som nærmast til å svara på avviksmeldinga i dette høve. Det vart konstatert behov for gjennomgang og avklaring av den praktiske handsaminga av avvik på leiarnivå.

Korleis saker om varsling har blitt handsama

Sakane som er handsama i Varslingsutvalet i Hordaland fylkeskommune i 2015 er handsama i tråd med Varslingsrutinane i Hordaland fylkeskommune.

Varslar har fått melding om at varsel er motteke. Sakane er deretter handsama og der det av ulike årsaker har vore naudsynt med lengre tid enn dei tre månadene som er sett som hovudregel for handsaming av sakar, har varslar fått melding med grunngjeving. (Varslingsrutinane pkt. 3.2 b).

Leiar av Varslingsutvalet i samarbeid med sekretær, har i kvart einskild høve sytt for at innmelde sakar vert tilstrekkeleg opplyst, både i høve til den som varslar og i høve til den varselet omhandlar.

Det vert vurdert i kvart einskild høve kva undersøkingar som er naudsynte for å bringa fram eit korrekt faktum i saka. Både skriftlig informasjonshenting, telefonmøte og personleg møte vert nytta. Det vert utarbeida interne notat frå møta.

Når den innmelde saka vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst, vert Varslingsutvalet kalla inn til formelt møte for handsaming av varselet og det vert fatta vedtak.

Varslingsutvalet konkluderer anten med at det ligg føre eit kritikkverdig forhold som er eit varsel eller at saka ikkje er å sjå som varslingssak.

Fylkesdirektør opplæring treffe naudsynte tiltak for å rette opp i forholdet.

Fylkesdirektør opplæring melder tilbake til Varslingsutvalet om korleis saka er løyst.

Fylkesdirektør opplæring må ta tak i problemet, identifisere rutinesvikten og treffe naudsynte tiltak for å rette opp i forholdet. I den grad svikten gjeld andre einingar i HFK, må leiar syte for at det vert varsla internt til rette vedkommande.

Leiar av Opplæringsavdelinga melder tilbake til Varslingsutvalet om korleis saka er løyst.

Eventuelle eksterne varslingar til offentlige myndigheiter og/eller offentlegheit

Forslag til revidering av rutinane

Punkt	Opprinneleg tekst	Forslag til tekst	Merknad
Pkt 6 3. avsnitt	«Varslingsutvalet kan òg ta opp generelle spørsmål, og har hovudansvaret for at varslingsrutinane er kjent og vert følgd i Fylkeskommunen».	«Varslingsutvalet kan òg ta opp generelle spørsmål».	jf. pkt. 7, 1. punkt. «Fylkesdirektør organisasjon har ansvar for at varslingsrutinen vert gjort kjend for alle tilsette»
Pkt. 3.2			
Pkt. 2.2. a) jf. pkt. 3.2 e) siste setning.	<p><i>Rutinar for intern varsling</i></p> <p><i>Arbeidstakar skal som hovudregel ta opp eit kritikkverdig tilhøve med næraste leiar på tenestestaden.</i></p> <p><i>Jf. Leiaren skal alltid informere varslingsutvalet om saka. 3.2 e)</i></p>		Er denne rutina implementert i leiargruppa? Varslingsutvalet har ikkje motteke informasjon om at det er varsla om andre saker enn dei sakane som i 2015 er melde til Varslingsutvalet.